



Stusdal VVS AS
Apalen 17
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1633 - 19/31520

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.10.2019

Løyve til etablering av vassleidning og avløpsanlegg - gbnr 234/45 Eide ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 599/19

Tiltakshavar: Morten Arve Kolås
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av vassleidning og avløpsanlegg på gbnr 234/45.

Eigedomen skal koplast til kommunalt vassverk og det skal etablerast ein privat vassleidning frå tilkoplingspunktet på gbnr 234/4 og fram til eigedomen gbnr 234/45. Det skal etablerast privat avløpsanlegg der avløpsvatnet frå eigedomen skal reinsast i slamavskjjar før utsleppet vert ført vidare til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 31.05.2019 og supplerande dokumentasjon mottatt 06.08.2019 og 23.08.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.08.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato, dvs. 15.11.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket ligg innan for 100-metersbeltet langs sjø. Omsøkt vassleidning ligg delvis i området avsett til LNF-føremål.

Det er gitt dispensasjon frå plankravet, jf. føresegn 1.1 i kommuneplanen, og plan- og bygningslova § 1-8 i administrativt vedtak saknr. 498/19 datert 06.09.2019 for etablering av avløpsanlegg.

Arealet i sjø er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Etablering



av avløpsledning i sjø er i samsvar med føremålet, jf. føresegn 6.2.

Etablering av vassledning vert vurdert å vera i samsvar med LNF-føremålet og heller ikkje i strid med byggjegrensa langs sjø. Det er lagt til grunn for vurderinga at tiltaket skal gravast ned og at terrenget skal reetablerast slik at tiltaket ikkje vil gje varige spor i naturen eller setja arealføremålet til side, jf skriv frå KMD datert 10.06.2016.

Uttale frå anna styresmakt

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har i vedtak datert 18.10.2019 gitt løyve etter hamne- og farvasslova (hfl) til å etablera utsleppsledning i sjø.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.07.2019 som er mottatt 23.08.2019. Det er opplyst i søknaden at minste avstand mellom slamavskiljar og nabogrense er 4 meter.

Vatn og avløp (VA)

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vassverk i administrativ vedtak datert 28.10.2019 i arkivsak 19/1644.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i administrativt vedtak saknr. 488/19 datert 09.09.2019.

Tilkomst, avkøyrse og parkering

Tiltaket medfører inga endring av eksisterande situasjon.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre erklæring med rett til å leggja vassledning over gbnr 234/4 datert 24.11.2019

Det ligg føre erklæring om felles solidarisk ansvar for vassledningen datert 24.11.2018.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve i eitt-trinn for etablering av vassledning og avløpsanlegg på gbnr 234/45 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.07.2019 som er mottatt 23.08.2019, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 28.10.2019.
3. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve gitt i administrativt vedtak saknr. 488/19 datert 09.09.2019.
4. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande liggja føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg vassverk.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/1633

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------